



Foto: Ida Støge Strandlund

## Øygarden

### Valprogram 2023–2027

På lag med folket og framtida  
[www.senterpartiet.no](http://www.senterpartiet.no)

## STEM ØYGARDEN SENTERPARTI

Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå. Vi vil arbeida for eit samfunn der menneske kan utvikla seg fritt. Verdigrunnlaget for Senterpartiet er den kristne og humanistiske kulturarven. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg. Menneskeverdet er ukrenkjeleg og overordna andre verdiar.

Det er viktig for Senterpartiet at det skal vera rom for å vidareutvikla dei naturbaserte næringane som kommunen vår er tufta på. Her lyt ein også skapa ny vekst og nye arbeidsplassar, og ta vare på og verna den jorda som er att i kommunen. Det krever nyttenking for å sikra ei berekraftig havbruksnæring.

Senterpartiet vil ha ein veldriven kommune med god økonomisk styring som set kommunen i stand til å utføre lovpålagde plikter. Vi vil skapa gode oppvekstvilkår og omsorgstilbod for innbyggjarane.

Senterpartiet ynskjer å satsa på utvikling av levande bygder i heile vår langstreckte kommune, og samstundes vidareutvikla senterområda våre som grøne senter med urbane tilbod. Vi vil også leggja til rette for næringsutvikling både sentralt i kommunen og i grendene, halda oppe gode skule- og barnehagetilbod og fritids-, kultur- og idrettstilbod, og ikkje minst sikra eit godt kollektivt tilbod.

#### Øygarden kommune som tenesteytar

- Kommunen må ha som mål at tilboda til innbyggjarane skal vera mellom dei beste i landet.
- Det må sikrast ei god kommunal drift med særskilt vekt på å samordna ressursar, slik at innbyggjarane får like gode, eller betre, tenester som i dag.
- Forvaltninga i kommunen må ha ei utprega JA-haldning i møte med innbyggjarane.



## Øygarden kommune som arbeidsgjever

Trepartssamarbeidet i Øygarden kommune skal vera dialogprega og med likeverdige partar, basert på den norske modellen.

### Senterpartiet vil arbeida for


- Å sikra gode, trygge, konkurransedyktige og utviklende arbeidsplassar, og arbeidsvilkår basert på 100 % stilling
- Å styrkja kompetansen og leggja til rette for vidareutdanning for tilsette
- At det ikkje skal setjast i verk konkurranseutsetjing og privatisering av kommunale tenester

## Nærings

Senterpartiet vil stimulera til ei god utvikling av næringslivet i arbeidet med rulleringa av arealdelen i kommuneplanen, med meir areal til nyetablering av alle typar næring, også primærnæringane fiske og jordbruk.

### Senterpartiet vil arbeida for

- Å ta i bruk eksisterande næringsbygg ved nyetablering av verksemder
- Å styrkja jordvernet
- Å leggja til rette for nyetablering i bygdene
- Å ta del i digitaliserings- og robotiseringsutviklinga
- Å stimulera til auka forsking for å skapa nye arbeidsplassar



## Skule og barnehage

- Vi er ueinige i den politikken som gjer at skular vert nedlagde, vi må ha ein skulebruksplan på plass, det same med barnehagar.
- Nye barnehagar skal tilpassast folkeveksten for å sikra nærliek til tenestene og effektiv drift.
- Alle born skal ha tilbod om barnehageplass minst til klokka 17 på kvardagar.
- Det skal stimulerast til samarbeid mellom næring og utdanningsinstitusjonar.
- Kommunen skal leggja til rette for praktisk undervisning i teoretiske fag.

## Samferdsel

Den positive utviklinga og veksten innanfor næring, arbeidsplassar og folketel i regionen vår har skapt ein trafikktilsituasjon med meir kø og lengre reisetider. Senterpartiet helsar det nye fastlandssambandet velkome. I tillegg trengst det nye vegar og kollektive tilknytingspunkt lokalt. Dette må planleggjast og samordnast med det nye sambandet.

### Senterpartiet vil arbeida for dette:

- Eksisterande planar i regionen vår som handlar om vegnett, må fullførast og vegnettet rustast opp.
- Styrke kollektivtilbodet for born og unge til ulike fritidsaktivitetar alle stader i kommunen.
- Kollektivtilbodet til og frå dei ulike bygdene må betrast og gjerast meir tenleg. Særleg må tilbodet til ungdom prioriterast.
- Kollektivfelt på stamvegen Kolltveit-Bergen og betre trafikklogistikk på Littesotra/Straume trengst på kort sikt for å gjenopprett normalre reisetider til og frå Bergen.
- To innfallsportar til og frå fastlandet kan gje regionen ei ny og effektiv ringvegloysing knytt saman med det nye ringveg- og stamvegsystemet i Bergensregionen.
- Trafikkiksring må prioriterast gjennom oppfølging av trafikkiksringssplanen.
- Lokalvegar til grondene må rustast opp for å sikra ei desentralisert utvikling i heile storkommunen.
- Det skal vera trygge skulevegar for gåande og syklende, og veglys på alle skulevegar.
- Sjøvegen må takast meir i bruk til både person- og varetransport. Det må vurderast å oppretta ei båtrute på strekninga Rong-Ågnotes-Hjelteryggen-Bergen.
- På lengre sikt må det vurderast å etablira fastlandssamband i både den nordre og den søre delen av kommunen.

## Helsepolitikk og sosialpolitikk

Senterpartiet ser det som viktig å satsa på førebyggjande arbeid for alle aldersgrupper. Helse- og omsorgstenestene vil få store utfordringar i åra som kjem. Det vert mange nye brukarar, og vi ser det som viktig at tenestene på dette området får tilført ressursar, kompetanse og moderne teknologi.

### Senterpartiet vil arbeida for

- At heimebasert omsorg i komande periode vert ei prioritert teneste
- At kommunen skal vera sjølvforsynt med spesialisthelsetenester
- At legetenestene i kommunedelsentra skal vera på dagens nivå på dagtid
- Samarbeid mellom pensjonistar/eldre mot barnehagar, skular og unge i kommunen, med utveksling av kunnskap, trivsel og aktivitetar
- At det skal vera vaktmeisterteneste for eldre som bur heime
- At tilbod om dagplass ved omsorgssenter for demente held fram minst på dagens nivå
- Å etablira aktivitetstilbod for eldre på dagtid
- Eldrekollektiv (55+) ut i bygdene
- Å behalda sørvisbussen som eit viktig supplement i det førebyggjande arbeidet
- Å utvikla omsorgstenestene ved å ta i bruk moderne teknologi, slik at brukarar av tenesta kan bu lengst mogleg heime
- At psykiatritenesta held fram minst på dagens nivå
- Å halda oppe og ha fokus på gode tiltak for funksjonshemma

# KOMMUNESTYREKANDIDATAR

## Nær miljø og bustad

«Vi tek heile Øygarden i bruk» Senterpartiet ynskjer å vidareutvikla senterområda våre. Bygdelivet skal styrkast med gode teneste- og fritidstilbod til dei som bur der. Senterpartiet vil leggja til rette for fortetting og utvikling i bygdene, der næringsverksamheten er ein naturleg del. Vi skal arbeida for at det vert lagt til rette for bustader for folk i alle aldrar i bygdene. Særs viktig er det med bustader for eldre og nyetablerte i tilknyting til etablerte buminiljø. Gode buminiljø er avgjerande for trivnad og utvikling i det sosiale miljøet.

## Senterpartiet vil arbeida for

- Ein skule- og barnehagestruktur som tek omsyn til det bygdene treng
- At det framleis vert lagt til rette for spreidd bustadbygging
- Tilstrekksillande infrastruktur: vatn, kloakk, fiber og kollektivdekkning i heile Øygarden kommune, slik at det vert mogleg å bu i heile kommunen
- Støyskjerming som kan betra buminiljøet der det trengst
- At vi som kystkommune har gode møtesteder ved sjøen
- Å betra tilgangen til sjø for alle innbyggjarar ved å leggja til rette for fleire båthamner og fellesnaust
- At kommunen skal vera pådrivar for å etablera nærmiljøutval i alle bygder/grender
- At lokale lag og organisasjonar får gode vilkår, då dei er viktige for å skapa aktivitet i lokalmiljøa
- At det skal lagast ein kulturplan/kulturvernplan for Øygarden, med dei eksisterande kulturplanane som grunnlag

## Klima og miljøvern

- Senterpartiet meiner at miljøpolitikken må byggja på føre-var-prinsippet, og at kampen mot ureining på alle felt framleis må vera den viktigaste oppgåva.
- Vi vil støtta kommunale og interkommunale tiltak for å sikra til dømes betre oljevern.
- Senterpartiet vil krevja ein langsiktig plan for utbygging av avlaupsløysingar med naudsynte reinseanlegg som sikrar miljøet. Det nye reinseanlegget for avlaup på Littlesotra er eit døme på langsiktig tenking og planlegging.
- Betre støtteordningar for sol/batteri løysningar.
- Senterpartiet vil at tanken om ein havpark i Øygarden kommune vert utgreidd i samband med rulleringa av arealdelen i kommuneplanen.




**1. kandidat**  
Sølv Kobbeltvedt



**2. kandidat**  
Hogne Hole



**3. kandidat**  
Solveig Dale Rong



**4. kandidat**  
Terje Strandtun

1. **Sølv Kobbeltvedt, 1982, Kolltveit**
2. **Hogne Hole, 1971, Forland**
3. **Solveig Dale Rong, 1962, Rong**
4. **Terje Strandtun, 1965, Skoge**
5. Solveig Karoline Cantz, 1994, Vik
6. Geir Hellesø, 1961, Tjeldstø
7. Anita Vadset, 1963, Bjørøy
8. Malfred Rong, 1959, Rong
9. Tommy Angeltveit, 1965, Angeltveit
10. Sylvi Mariann Helgeland, 1956, Blomvåg
11. Magnus Torvik, 1981, Arefjord
12. Kjell Arve Vorland, 1968, Vorland
13. Jorunn Småbrekke Gjersvik, 1949, Bildøy
14. Ivan Tubezi, 1973, Anglevik
15. Terje Monrad Fauske, 1969, Ulveseth
16. Else Marie Kind Hevrøy, 1936, Straume
17. Karstein Golten, 1980, Skogsvåg
18. Per Jan Ulveseth, 1962, Ulveseth
19. Irene Nesse Vorland, 1957, Vorland
20. Ole Raimund Berge, 1969, Berge
21. Nils Nordstrand, 1975, Steinsland
22. Knut Eivind Nygård, 1958, Klokkarvik
23. Arnold Hilmar Melkevik, 1948, Berge
24. Hilde Nesse Leemans, 1975, Vorland
25. Sverre Lervik, 1960, Algerøyna
26. Johannes Kobbeltvedt, 1954, Kolltveit



**Hordaland Senterparti**

Neumannsgt. 15, 5015 Bergen  
Epost: hordaland@sp.no • Tlf: 53 00 01 90  
senterparti.et.no/hordaland/